

NOTAT

GÅR TIL: Styret
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 04.05.2020
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHANDSAMAR: Ingvild Braut
SAKA GJELD: **Oversikt over høyringar**
ARKIVSAK: 2020/25
STYRESAK: **061/20**
LEIARMØTE: **20.05.2020**

Administrerende direktør si orientering pkt. 3

Mottatt dato	Saka gjeld	Høyringsfrist	Status
15.01.2020	Forslag til alternativ regulering av pasientforløp i spesialisthelsetenesta Etter regelverket som gjeld i dag, skal pasient som blir tilvist spesialisthelsetenesta få informasjon innan 10 dagar etter at tilvisinga er motteke, om han eller ho har rett til naudsynt helsehjelp. Dersom pasienten har slik rett, skal det samstundes blir informert om tidspunkt for utgreiing eller kor tid behandling skal setjast i gang. Dette skiljet mellom juridisk frist til utgreiing og juridisk frist til behandling har vore vanskeleg å forstå og praktisera, og gjev ikkje alltid pasientane eit betre pasientforløp. I høyringsnotatet blir det føreslått å oppheva skiljet mellom juridisk frist til utgreiing og behandling, slik at den juridiske fristen i staden blir knytt til første oppmøte i spesialisthelsetenesta. Dette blir gjort gjennom ei endring i pasient- og brukarrettslova § 2-2.	01.06.2020	Høyringsbrev er sendt til HF-a

Mottatt dato	Saka gjeld	Høyringsfrist	Status
14.02.2020	Nasjonal fagleg retningslinje for tannhelsetenester til barn og unge, del 2 RHF-a blir bedne om å gi fråsegn til 4. tilråding i kapittel 3 om kjøp av narkosetenester i samband med tannbehandling. Det er få private tilbydarar av narkosetenester. Dei fleste stader er det lokale helseføretaket einaste ressurs for å tilby narkosetenester. Derfor er det naturleg at avtale blir inngått mellom fylkeskommune og lokale helseføretak. Korleis kan dei regionale helseføretaka legge til rette for slike avtalar.	15.05.2020	
07.02.2020	Høyring av forslag til lovendringar – Enkelte unntak frå teieplikta og utviding av varslingsplikta til Statens undersøkingskommisjon Departementet foreslår å lovfesta plikta helseføretaka har til å oppretta kliniske etikkomiteer og vidare ein heimel for i særlege tilfelle å dela elles teiepliktige opplysningar med medlemmene i ein klinisk etikkomite utan at det finst samtykke frå pasienten. Dette vil vera saker der det er behov for brei etisk drøfting, men der det kan vera vanskeleg eller ikkje mogleg å innhenta samtykke frå pasientar. I tillegg foreslår departementet å lovfesta eit tydeleg unntak frå teieplikta for Statens helsetilsyns underretning om tilsynsreaksjonar til andre forvaltningsorgan i Noreg og utlandet. Slik gjensidig utveksling av opplysningar er avgjerande for å kunna forhindre at helsepersonell held fram med å gi uforsvarlig helsehjelp etter at dei har mista eller fått avgrensa godkjenning i eit anna land. Departementet foreslår vidare at varslingsplikta til Statens undersøkingskommisjon for helse- og omsorgstenesta (Ukom) blir utvida til å omfatta alle verksemdar som yter helse- og omsorgstenester. Dette inneber at også den kommunale helse- og omsorgstenesta, den offentlege tannhelsetenesta og private tilbydarar av helse- og omsorgstenester vil få plikt til å varsle Ukom om alvorlege hendingar. Varslingsplikta til Ukom vil svara til varslingsplikta til Statens helsetilsyn.	07.05.2020	Høyringsbrev er sendt til HF-a

Mottatt dato	Saka gjeld	Høyringsfrist	Status
18.02.2020	Høyring NOU 2020: 3 Ny lov om universitet og høgskular Universitets- og høgskulelovutvalet har gjennomgått og vurdert regelverket for universitet og høgskular. Regelverket for studentvelferd har også blitt vurdert. Målet har vore å utforma eit regelverk som tydeleg beskriv ansvar, rettar og plikter, både for universiteta og høgskulane og for studentar og tilsette. Utvalet føreslår nå ei ny universitets- og høgskulelov. Dette er meint å erstatta lova som gjeld i dag. Utvalet har også vurdert grenseflatene mellom universitets- og høgskulelova og lov om studentsamskipnader.	05.06.2020	Høyringsbrev er sendt til HF-a
09.03.2020	Høyring – rapport om inkassolova Justis- og beredskapsdepartementet sender arbeidsgrupperapporten «Gjennomgang av nærare angitte problemstillingar om inkassolova» på høyring.	09.06.2020	
09.03.2020	Medbrakt kompetanse – lisens til helsepersonell (forslag om endringar i helsepersonellova) Helse- og omsorgsdepartementet føreslår endringar i helsepersonellova § 49 som skal leggja til rette for meir fleksibel praksis når det gjeld vedtak om lisens til helsepersonell. Vidare blir det føreslått enkelte endringar i forskrift om tilleggskrav for autorisasjon frå tredjeland. Forslaga gjeld søkarar med yrkeskvalifikasjonar frå andre land enn Noreg. Departementet viser til Regjeringas politiske plattform frå 17. januar 2019 som seier at Regjeringa vil "forenkla og forbetra ordningar for godkjenning av medbrakt kompetanse».	09.06.2020	Høyringsbrev er sendt til HF-a
25.03.2020	Forslag til ny forskrift om straffesanksjoningering av brot på handlingsnormer i ny lov om medisinsk utstyr Helse- og omsorgsdepartementet sender forslag til ny forskrift om kva brot på handlingsnormer i forordning (EU) 2017/745 om medisinsk utstyr og forordning (EU) 2017/746 om in vitro-diagnostisk medisinsk utstyr som kan straffesanksjonerast på høyring.	30.04.2020	Høyringsbrev er sendt til HF-a

Mottatt dato	Saka gjeld	Høyringsfrist	Status
06.04.2020	Samanslåing av frikort eigenandelstak 1 og 2 Departementet sender med forslag om å slå saman egenandelstak 1 og 2 på høyring. Formålet med endringane er å bidra til å forenkla skjermingsordningen for brukarane og forenkla Helfos administrasjon av ordninga.	22.05.2020	
20.04.2020	Høyring av Autisme- og Tourettesutvalets innstilling NOU 2020: 1 - Tenester til personar med autismespekterforstyrningar og til personar med Tourettes syndrom I juni 2018 sette regjeringa ned eit offentleg utval med mandat å greia ut autismefeltet og "nærliggende diagnosar som Tourettes syndrom". Utvalet overleverte NOU 2020:1 Tenester til personar med autismespekterforstyrningar og til personar med Tourettes syndrom i februar 2020. Utvalet har drøfta tenestetilbodet innanfor autismefeltet, kartlagt og skildra behova personar med autisme har og utfordringane på feltet. Basert på dette har utvalet drøfta og foreslått tiltak for å betra det samla tilbodet til personar med autismeforstyrning.	20.07.2020	
21.04.2020	Forslag til endringar i forskrift om tiltaks- og grenseverdiar Forslag til endra grenseverdiar for 2 stoff (respirabelt krystallinsk silika og seksverdige kromsamband) blir sende på høyring. Bakgrunnen for forslaga er EUs karsinogen-mutagen-direktiv (2004/37/EC) (CMD) som vart fastsett 29. april 2001 og første endringsdirektiv (2017/2398/EU) til CMD fastsett 12. desember 2017. Første endringsdirektiv foreslo bindande grenseverdiar for 13. stoff som vart implementerte i forskrift om tiltaks- og grenseverdi 1. april 2020. Norge har lik grenseverdi som foreslått i direktiv 2017/2398/EU for respirabelt krystallinsk silika og seksverdige kromsamband. I denne pågåande revisjonen blir det foreslått å senka dei bindande grenseverdiane ytterlegare for desse stoffa. Grunnlaget for forslaga er i hovudsak basert på kriteriedokumenter frå EUs vitskapskomité for fastsetjing av grenseverdiar, Scientific Committee for Occupational Exposure Limits (SCOEL) for dei enkelte	29.05.2020	

Mottatt dato	Saka gjeld	Høyringsfrist	Status
	stoffa. Statens arbeidsmiljøinstitutt har vurdert og evaluert SCOEL-dokumenta, evaluert nyare litteratur etter utgivinga av dokumenta, og vurdert behov for korttidsverdiar og merknader.		